

Til Alver kommune

Plan-og byggjesak v/Hanne Marie Evensen.

Vedk. gnr. 147 bnr. 18 og 115 i Alver, eigar May Lise Kismul. Krav om omregistrering i matrikkelen til heilårsbustad.

Viser til brev sendt herifrå 24.10.22 til kart og oppmålingsavdelinga i Alver.

Etter det ein forstår har Kart-og oppmålingsavdelinga v/Angunn Gullbrå sendt dette kravet til Plan-og byggjesaksavd.v/ Hanne Marie Evensen. Det er nå gått 5 veker sidan kravet var sendt og endå har ein ikkje fått noko svar.

Denne saka bør vera enkel. Gamle Lindås kommune gjorde ein feil ved omregistreringa av denne eigendomen i 1985 då han vart omregistrert frå å vera ein heilårsbustad til å bli ein fritidsbustad. Dette vart gjort utan å orientere eigar om dette. Dersom eigar hadde blitt orientert, slik som eigar har krav på, ville sannsynlegvis dåverande eigar opplyst om at eigedomen framleis skulle vore ein heilårsbustad, men vil kunne bli brukt som fritidsbustad, eventuelt kunne eigar og opplyst om at eigedomen kanskje skulle leigast ut som heilårsbustad og brukt slik som eigedomen alltid hadde vore bruka. Grunna denne feilen frå Lindås kommune fekk eigar ikkje høve til å koma med sitt syn.

Sidan kommunen tok så lett på omregistrering frå heilårsbustad til fritidsbustad i 1985 skulle det nå vera like enkelt i dag å gå motasatt veg dvs. frå fritidsbustad til heilårsbustad slik som nåverande eigar ynskjer.

Det er rimeleg å forlanga at kommunen rettar på feil som vart gjort i 1985. Ved omregistrering i 1985 skulle eigedomen, dersom det i det heile var naudsynt med omregistrering, vore registrert som heilårsbustad nytta som fritidsbustad. Dersom det hadde vore gjort, ville ny registrering nå frå ein heilårsbustad nytta som feriebustad til ein heilårsbustad nytta som heilårsbustad sannsynlegvis vore ei kurant sak utan særleg sakshandsaming.

Denne feilen må Alver kommune retta opp slik at nåverande eigar får godkjent bustaden som heilårsbustad som han var bygd for og har vore nytta til frå han var bygd i 1930 åra fram til omregistreringa i 1985. I høve til det bygget var bygd som og nytta til, har ikkje bygget endra karakter bortsett frå at det er oppgradert til moderne bustadstandard og er i dag ein god bustad til liks med alle tilsvarande bustader som eigedomen grensar til.

Denne omregistreringa kan kommunen gjera administrativt og på ein enkel måte. Dette vil ikkje vera til skade eller ulempe for nokon, men vil bety svært mykje for huseigar som ynskjer å bu i dette huset på lovleg vis.

Ber om at det vert fortgang i saka .

Frekhaug 28.11. 2022.

For May Lise Kismul.

Jens Bjordal.

